

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leikanger i Sogn

Emne: Juletre Julehalm

Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: N.J.Vangsnes

Gard: Byggjartun

(adresse): Fresvik

G.nr. 36 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja
2. Etter som folk fortel kom juletre i bruk her for 50 / 60 år sidan .
3. I kyrkja er juletreet brukt i seinare år , men i skulen var juletre brukt av ein lærar for 58 år sidan , denne læraren heitte Jakob Bøthun , han gjekk av for mange år sidan , og er død for ei tid sidan .
4. Ingen pynting av stova , men ein brukte hakka sprake (eine) ut over golvet . Ho bestemor fortalde at ho hugsa til at det vart brukt til høghelgepynting å laga roser med krit på veggene i stova (åttabladroser) . Bestemor var fødd i 1826 .
6. Størleiken på juletreet vert etter plassen ein har i huset.
7. Det er vanleg juletrestart og alltid med ljøs .
8. Ingen fast regel .
9. " " "
10. Alltid juleafta kveikjest ljosi , men og andre kveldar når ein har fest-kveldar i heimen , eller i eit lag utanom heimen , kyrkja , skule , barnelag , o.s.v.
11. Ein syng julesalmar , men stundom og andre songar , medan ein går rundt juletreet .
12. Treet står se lengje folket ynskjer det , det er ingen fast skipnad .
13. Ein seier, taka stasen av juletreet / taka ned juletrestarten / taka ned juletreet. Orden "plyndre" brukast ikkje i samband med ein slik heilag ting .
14. All vill nåleskog er fura , og juletreet er helst av dette treslaget , i det siste brukast og gran frå planta skog .
15. Ukjendte her .
16. Julebunden var sett på ein staur , bunde i eit tre i nerleiken av husi , eller bunde fast på eit takmøne, eller og på anna vis . Noko tre vart ikkje utsett

Emne nr. 18 - Juletre , Julehalm . Andre blad .
N.J.Vangsnes , Fresvik i Sogn

16. - 1). ~~II~~. Hugsar folk har fortalt om halm på golv , men har
ikkje set det .

~~XXXXXXXXXX~~

- 2). Er ukjent her.
- 3). " " " , var vistnokk over heile golvet .
- 4). " " "
- 5). " " "

4242

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

Table with multiple columns and rows, containing faint text and numbers. The text is mostly illegible due to fading and bleed-through from the reverse side of the page.

10. - 1

5